

Styret si årsmelding 2022

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Hatlevik, Marte Sleire (06.09.1990), signert 03.05.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE
- Vågstøl, Karl (19.12.1951), signert 11.05.2023 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2022.

Føremål og lokalisering

Gulen og Masfjorden Utvikling as (GMU) er eit næringsutviklingselskap for Gulen og Masfjorden kommunar, lokalisert til Vidsyn, Sløvåg i Gulen kommune.

Selskapet sitt føremål er å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar og elles medverke til etablering av lønsamme arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps – og teknologisk utvikling.

Drift og utvikling.

GMU er kommunane si førstelineteneste for næringsutvikling i regionen. Verksemda sin forretningsplan, saman med arbeids- og aktivitetsplan for året er styrande for dagleg leiar sitt arbeid. Styret har hatt 5 styremøte i 2022.

Styret og dagleg leiar stadfestar at føresetnad for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden. Selskapet sine eigedelar består av likvide midlar, samt eigarpost og ansvarleg lån til Sløvåg Næringsbygg AS.

GMU finansierer drifta ved tilskot frå eigarkommunane Gulen og Masfjorden, dette gir ro rundt økonomien sjølv om det ikkje inviterer til overflod og drifta er nøktern. Reforhandling av løn og ekstraordinære utgifter knytt til strategiarbeid medfører eit noko høgare driftsunderskot enn budsjettert. Betalte tenester utgjer ein liten del av inntektene i GMU, men er viktige å halde på dagens nivå mot. moms. Driftsinntektene for 2022 er høgare enn tidlegare år, men mykje uro i finansmarknadane gjennom store delar av året gir eit større verditap knytt til fondsmidlar, og såleis eit negativt resultat for 2022 på kr. 630 457,-. Underskotet blir dekkja av tidlegare opptent eigenkapital.

Sal av tenester har vore om lag som budsjettert der karrieremessa på hausten utgjer den viktigaste inntekta. For ei offentleg finansiert verksemd er det ein balansegang å auke salsinntektene utan å gå andre private verksemdar i næringa. For eit offentleg næringsutviklingselskap bør heller ikkje maksimering av inntektene vere hovudfokus då dette vil kunne gå på kostnad av langsiktig utviklingsarbeid.

Utsiktene for vidare drift blir sett på som gode.





Arbeidsmiljø, likestilling og påverknad på det ytre miljø.

Selskapet hadde i 2021 ei fast stilling ved dagleg leiar Ragnhild Undertun. I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Arbeidsmiljøet er godt og det førekjem ikkje diskriminering. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø.

Sløvåg, 14.04.2023

Hallvard Oppedal, styreleiar

Karstein Totland, nestleiar

Beate Slettemark Korsøen

Marte Hatlevik

Karl Vågstøl

Sigmund Holmaas

Lina Braanaas Utne

Ragnhild Undertun, dagleg leiar

Dokumentet er signert digitalt av:

- Hatlevik, Marte Sleire (06.09.1990), 03.05.2023
- Vågstøl, Karl (19.12.1951), 11.05.2023

Forseglet av



Posten Norge